



Kommunegrens

Harald Solheim

Fra: Tommy Veland
Sendt: 20. mars 2014 19:54
Til: Harald Solheim
Emne: VS: Postnr 5953 Fønnes

Dette er ei sak for deg, trur du ikkje?

Fra: Hogne Haugsdal
Sendt: 20. mars 2014 08:01
Til: Tor Hegle; Tommy Veland
Emne: VS: Postnr 5953 Fønnes

Hei!

Eg har snakka med desse og dei er fortvila over at adressa er Fønnes/Austrheim når dei bur i Lindås. Dei ber om at vi pressar på i forhold til Posten. Eg veit det har vore eit adresseprosjekt i regi av Regionrådet, kan dei hjelpe til?

Korleis kan vi hjelpe desse? Dette er folk som bur i Lindås?

Mvh
Hogne

Fra: Reidar Kallestad [<mailto:reidar.kallestad@online.no>]
Sendt: 17. mars 2014 12:26
Til: Hogne Haugsdal
Emne: Postnr 5953 Fønnes

Viser til tlf samtale tidlegare i dag ang postnummer 5953

Me som bur på Hope og i Kjeilen har postnr 5953 Fønnes, som høyrer til Austrheim kommune. Dette fører til ein god del vanskar for oss som bur her. Me vert registrert i Austrheim kommune i ein del samanhengar. Her kan eg nemne:
Når me går til lege, forsikringspapir, Brønnøysundregisteret, m.m Det siste me no opplevde, var å få skattetrekk til Austrheim kommune.
Dette problemet vert veldig stort i vår datatid, og der vert teknisk umogleg å få det endra før me får postnr i Lindås.

Me har hatt ei spørjeundersøking blant innbyggjarane, og det var stort fleirtal for å få endra postnr til 5955 Lindås. Har også snakka med postbudet, som har gitt uttrykk for at dette vil ikkje medføra noko vanskar for dei.

I 2011 sende me så ein søknad til Posten Norge, der me også hadde med ei anbefaling frå Lindås kommune. Denne søknad vart avslegen, med grunngjevig at det var mange slike tilfeller i landet.

Me vil no prøva på nytt, og det er fint om Lindås kommune kan hjelpa oss og gje ei sterk anbefaling til at me får dette endra.

På førehand takk.

Med venleg helsing
Anne Kristin Tonning
Tlf 99166715